

Kan ordføraren forklara kvifor husleiga i bufellesskapet for unge utviklingshemma på Husnes har vorte så høg som 7.000 kroner i månaden - utan straum og fjernsyn?

Det ville Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp) vita i kommunestyret i dag. Ein far frå Uskedalen har engasjert seg sterkt i denne saka.

Ordføraren svara med å visa til det som kallast livssyklus kostnad. Husleiga er basert på denne. Det er dei totale byggjekostnader nedskrive over 40 år med tillegg av årlege kostnader til forsikring, kommunale avgifter, reinhald av fellesareal og vedlikehald.

Prinsippet er lagt til grunn med basis i eit kommunestyrevedtak før jul der alle kommunale husleiger skal harmonerast og tilpassast gjengs marknadsleige.

Eide Tharaldsen spurte vidare kvifor dei må venta i 2 1/5 år etter inngått leigeavtale for krav om gjengs leige og fekk til svar at auke i husleiga er regulert av husleigelova. For nye kontraktar kan ikkje dette skje før etter eitt år og det er også begrensingar på auken, Difor kan det gå fleire år før ei låg leige kan regulerast opp til gjengs leige.

På spørsmål om kommunale avgifter og forsikring på bustadane svara ordføraren 495 kroner i månaden, som er lagt inn i husleiga. På spørsmålet om prosjektet har vorte gjennomført i tråd med vedtaka i kommunestyret opplyste ordføraren at kostnadsramma var 400.000 lågare enn sluttsommen.

Om bustadsosial handlingsplan opplyste ordføraren at det er oppretta eigne prosjekt for denne og vurdering av husleiger. Begge prosjekt vil kome til politisk handsaming før sommarferien

Av Ola Matti Mathisen



Kvifor har husleiga i dette bufellesskapet vorte så høg, vart det spurt i kommunestyret. (Foto: Kristian Hus)